

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 02.06.2016

I samband med RS 50/16 «Møteplan 2017 for fylkeskommunale organ» kommenterte **Geir Angeltveit (V)** at når utval for kultur, idrett og regional utvikling har møte i veka etter dei to andre fagutvala, kan det verte vanskeleg å ha gode gruppemøte.

I samband med RS 51/16 «Takst- og sonestrukturen i Hordaland» spurde **Natalie Golis (MGD)** om utval for miljø og samferdel eller fylkestinget kan få ein presentasjon med ytterlegare orientering om prosjektet. Fylkesdirektør samferdsel vil leggje til rette for dette.